



Robin Andres Mjøs
RADØYVEGEN 1361
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2160 - 22/38813

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
20.05.2022

Løyve til endring av tiltak - gbnr 445/476 Manger nedre

Administrativt vedtak: Saknr: 559/22
Tiltakshavar: Robin Andres Mjøs
Ansvarleg søkjar: JLM Bygg AS
Søknadstype: Søknad om endring av tiltak

VEDTAK

Søknad om endring av løyve datert 30.11.2018 vert godkjent. Endringa gjeld fasade, endring av rominndeling og carport ikkje vert bygd.

Vedtaket er hjemlet i plan- og bygningslova §§ 20-1, jf. § 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til oppføring av einebustad og carport , jf. vedtak datert 30.11.2018. Endringa gjeld fasade med forlenga takoverbygg over inngang, takoverbygg over balkong i 2. etasje og endra rominndeling ved at etasjeplan i 1. og 2. etasje er bytta om. Planlagd carport vert ikkje bygd.

Det vert elles vist til søknad mottatt 18.04.2022 og dokumentert nabovarsel motteken 28.04.2022.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den vart motteken. Kommunen etterspurte følgjande dokumentasjon ved brev av 11.04.2022:

1. Søknad om endring.
2. Situasjonsplan og nye teikningar.
3. Nye ansvarsrettar og oppdatert gjennomføringsplan.
4. Krav om nabovarsel.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 28.04.2022 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå den dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Langhøyane planid: 2011000100 og er definert som område for bustadar og frittliggjande småhus. Tiltaket er såleis i tråd med plan.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 05.04.2022.
Plassering av bustaden er ikkje endra i forhold til opprinnelig løyve.

Vatn og avløp (VA)

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser uteopphaldsareal, gangtilkomst, parkering og avkjørsle.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift.

VURDERING

Tiltaksklasse:

Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.

Regelverk

- Endring av tiltak er søknadspiktig etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-3/20-4, jf. 20-2, jf. 20-1.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Tiltak skal nabovarslast i samsvar med pbl. § 21-3.
- Krav til visuelle kvalitetar i tiltaket går fram av pbl. § 29-2.
- Tiltak skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl. § 29-5.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 22/2160

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jim Bygg As
Robin Andres Mjøs

Øksnesvegen 88 5943
RADØYVEGEN 5936
1361

Austrheim
MANGER